

Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2020



Bilde av FBU ved oppstartsmøtet januar 2019



SOGN OG FJORDANE



Brukarutvalet i Sogn og Fjordane er eit felles brukarutval for kommunane i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke og Helse Førde. Utvalet er rådgivande for administrasjonen og styret i Helse Førde. Samansetjing av utvalet og mandat er regulert i eigne retningslinjer som er vedtekne av Koordineringsrådet. Det er Koordineringsrådet som oppnemner medlemmane i Brukarutvalet, og innstiller til verva som leiar og nestleiar.

Etter oppstart i 2019 vart det nokre endringar i samansettinga, og gjennom 2020 har utvalet hatt følgjande medlemmar:

Medlemar		
Namn	Organisasjon	
Audun Nedrebø	FFO (HLF)	Leiar
Lisbeth Johnsen	Kreftforeningen (Hjernesvulstforeningen)	Nestleiar
Liv Stenbakk Krognæs	FFO (LPP)	
Jan Tore Odd	FFO (LHL)	
Åshild Hellestet	FFO (MS-forbundet)	Permisjon frå 01.09.2019 til 01.09.2020
Per Tollefsen	SAFO (NFU)	
Eldbjørg Lie	SAFO (NFU)	
Gro Indrebø	Rusettervernet	
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Magnus Strand	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	
Synnøve S. Engen	KS - Helse-og omsorgsutvalet	
Elin Therese Sørbotten	Samhandlingskoordinator	
Olav Hesjedal	Helse Førde	Slutta 01.03.2020
Børge Tvedt	Helse Førde	Frå 01.03.2020
Vara		
Torbjørg Aasen	FFO (LHL)	Medlem frå 01.09.2019 til 31.08.2020
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Geir Ytredal	FFO (LPP)	
Frida Galaasen	SAFO (NFU/NHF)	
Lene Kristin Berge Grønsberg	Rusettervernet	
Eivind Skjerven	Kreftforeningen	
Anny Urtegård	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Aud Karin Netland	Fylkesrådet for eldre	

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum for Funksjonshemmedes Organisasjoner

Sekretær/tilretteleggjar for utvalet:

Administrasjonsrådgjevar Randi Holsen Solheim – Helse Førde

1. Aktivitet og oppgaver

Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane har gjennomført 5 ordinære møte i 2020 – av desse vart eit møte gjennomført digitalt. Første møte var 15.januar og utvalet var samla i Førdegården. Med bakgrunn i koronapandemien som inntraff i mars, vart det planlagde møtet 19.mars avlyst. For å sikre gjeldande smitteverntiltak har dei øvrige utvalsmøta vore gjennomført ved hotell i Førde, med mogelegheit for digital deltaking.

Møtet 26.oktober vart gjennomført på Thon hotel Førde, der vi hadde felles lunch med styret i Helse Førde og møtet vart avslutta med 1,5 time saman med styret. Styret gav tilbakemelding med oppdatering på sakene som FBU sette på dagsorden i 2019. Dette handla om; Kontaktlege i spesialisthelsetenesta, Forsking og Brukarmedverknad i forsking, Alderspsykiatri og Pasientreiser.

FBU sine saker til dagsorden med styret i 2020:

1. Samval
2. Covid 19
 - smittevern og smittevernrutinar
 - konsekvensar av smitteverntiltak for andre pasientgrupper
 - langtidseffekt av Covid 19
3. Medisinforsyning i helseføretaket

Det har vore skriva referat frå alle utvalsmøta – desse er tilgjengelege på heimesida til Helse-forde.no.

Arbeidsutvalet (AU) med leiar, nestleiar og sekretær har hatt 2 fysiske møte (5.februar og 25.juni) og 4 videomøte (6.april, 6.mai,13.oktober og 26.november) med førebuingar til utvalsmøta. Nestleiar har administrert oppnemning av brukarrepresentantar til prosjekt, råd og utval. To av oppnemningane er henta utanfor FBU.

I løpet av denne perioden har vi fått orientering om desse sakene:

- «Nye Førde Sjukehus» v/ prosjektdirektør Kjell Inge Solhaug
- «Erfaringsråd innan psykisk helsevern» v/ klinikkdirektør Børge Tvedt
- Korona pandemi
- Helsefelleskap
- Kommunale råd
- Kva er ei innlegging? Korleis menneske med psykiske lidningar erfarer ei innlegging i psykisk helsevern v/ ph.d. Kari Eldal
- Universell utforming i nybygg PHV v/Lena Haveland
- Forprosjekt - Habilitering, fysisk medisin og rehabilitering i eit livsløpsperspektiv v/ Stig Iglund
- Utsmykking og kunst i Dagabygget v/Liv Stenbakk Krognæs
- «Gode pasientforløp» v/Elin Therese Sørbotten

Fellesseminar for brukarutvala i Helse Vest

Fellesseminaret 20.og 21.august vart avlyst pga koronapandemien.

Deltaking på ulike konferansar

Samhandlingskonferansen 7.og 8.mai vart utsett pga koronapandemien.

Eit eller fleire av medlemmane har delteke på følgjande:

- Lansering av helseatlas psykisk helse og rus – video
- Møteplassen – webseminar

Felles brukarutval har gjeve høyringsuttale og innspel til:

- «Revisjon av pasientbrev i klart språk»
- Innspel til tekst – Innsjekk og betaling – FSS
- Innspel til plan for lokale pasienterfaringsundersøkingar i Helse Førde 2021

Aktuelle saker som har vore handsama i utvalet:

Saker i Koordineringsrådet

Framlegg til mindre justeringar i samband med evaluering av Retningslinjer for felles brukarutval mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane

Møte med KS – Helse- og omsorgsutval

Leiar og nestleiar deltok 2.mars der vi tok opp desse tema:

- Korleis kan kommunane marknadsføre FBU?
- Kreftkoordinator i kommunane
- Psykisk helsevern – Korleis er samhandlinga mellom kommunane og Helse Førde?
- Medisinlister ved inn- og utskriving frå kommune- Helse Førde-kommune

Møte med styret i Helse Førde

Som observatør med tale- og forslagsrett har leiar Audun Nedrebø gjennom året delteke på styreseminar og styremøter.

Leiarforum for Brukarutval i Helse Vest

Leiar og nestleiar har delteke på to leiarforum. Begge på video pga korona pandemien. Agenda for møta er strategiar og styringsdokument, erfaringsutveksling og brukarmedverknad. I tillegg har desse tema vore på agendaen:

- Covid 19
- Medisinforsyning i Helse Vest
- Pasientbehandling – etterslep
- Læring på tvers i eit pasientperspektiv
- Erfaring med "Bergensbadet "
- Fellessamling/Opplæring

2. Rekneskap

Brukarutvalet sitt budsjett for 2020 - stort 494.000 NOK - var vedteke i Koordineringsrådet i november 2019. Årsrekneskapen syner eit vesentleg mindreforbruk i høve til vedteke budsjett. Underforbruket skriv seg i hovudsak til at digitale møter ikkje vert honorert på linje med fysiske. Utover dette kan mindreforbruket også årsaksforklarast med at utvalsmedlemmane heller ikkje tok del i fellesmøte med øvrige brukarutval i Helse Vest, slik det har vore gjennomført tidlegare. Rekneskapen er avslutta med forbruk stort 255.312 NOK.

(925F) Stabsområde												
(000001000717) Utval: Brukarutval Sogn og fjordane												
Kolonneetiketter												
1	2	3	4	5	6	7	9	10	11	12	Totalsum	
										22 500	22 500	
										3 045	3 045	
	738	3 251	1 860	310	1 176	2 853	1 528	1 876	2 891	2 799	5 884	25 166
											429	429
	5 100	22 100	12 750	2 200	8 250	19 750	10 700	12 750	19 950	19 000	14 600	147 150
											4 400	4 400
	316											316
	1 558	6 335	2 905		595	3 203	889	3 672	3 640	5 625	1 537	29 958
	134	959	440		90	485	135	556	551	852	233	4 434
	1 598	912	603		260	252	170	1 156	650	428	182	6 210
		219										219
						79				324		403
		190							7 932	2 960		11 082
	9 443	33 966	18 558	2 510	10 371	26 621	13 421	20 010	35 613	31 987	52 810	255 312

3. Evaluering/Oppsummering

Driftsåret 2020 har sidan 12. mars vore prega av pandemisituasjonen slik som landet elles og verda forøvrig. Trass i dette faktum er det registrert at utvalsmedlemmane samla har delteke i 47 heildagsmøter og 64 halvdagsmøter. Nytt av året er også delvise - og fulldigitale møter. Her er det registrert skypedeltaking i 70 møter. Ei samanlikning med møteaktivitet for fjoråret syner imidlertid berre marginal nedgang i samla møteaktivitet, noko som digital møteplattform må ta sin del av æra for. Denne møteforma treng noko meir tilpassing og samordning/ utvikling av digitale plattformer, og det er nok eit stykke fram til at brukaropplevinga vert fullgod med fysiske møter. Likevel – utifrå vår geografi med lange reiseavstandar, kan slik møteverksemd i større grad vere med og sikre brukarstemma uavhengig av avstand, vær og utfordrande føreforhold.

Til det siste utvalsmøtet i perioden, vart det også tilrettelagt for evaluering av verksemda i felles brukarutval. Resultat av denne evalueringsprosessen vil vere med å danne grunnlag for vidare arbeid av i neste utvalsperiode.

Vedlegg: Liste over representantar til prosjekt, råd og utval gjennom driftsåret

2020			
Prosjekt, råd og utval	Brukarrepresentant	Vara	Avslutta
Alle møter - programstyret	Audun Nedrebø		
Arb.gr. Etablering og utforming av Helsefellesskap	Åshild Helleset		
Arb.gr. førebygging av sjølv mord	Gro Indrebø		
Arb.gr. utsmykking og kunst nybygg PHV	Liv S. Krognnes		
Arb.gr. Utanomhus	Liv S. Krognnes		
Arbeidsutval – Erfaringsråd Psykisk helsevern	Audun Nedrebø		
Avd.råd – psyk.klinikk	Liv S. Krognnes Lisbeth Johnsen		
Avtaleutvalet	Åshild Helleset Permisjon frå 01.09.2019 til 01.09.2020	Synnøve S. Engen frå 04.09.2019 til 31.08.2020	
Delprosjekt bygg, nye psykisk helsevern	Liv S. Krognnes	Gro Indrebø	

Delprosjekt nybygg somatikk - Livabygget	Magnus Strand Eiliv K. Berdal	Audun Nedrebø	
Ernæringsutval	Marita Aarvik	Aud Karin Netland	
Forprosjekt – Rehabilitering, fysikalsk medisin og rehabilitering i eit livsløpsperspektiv	Torbjørge Aasen	Synnøve S. Engen	28.04.2020
Helseatlas psykisk helse og rus	Gro Indrebø Per Tollefsen		
Klinikkråd PHV	Liv S. Krognæs Lisbeth Johnsen		
Klinisk Etisk Komite	Lisbeth Johnsen		
Koordineringsrådet	Audun Nedrebø Lisbeth Johnsen		
Kvalitetskonferansen	Audun Nedrebø		
Kvalitetssikring Nye Førde sjukehus	Eilif K. Berdal Magnus Strand	Audun Nedrebø	7.12.2020
Kvalitetsutvalet	Jan Tore Odd	Åshild Helleset permisjon frå 01.09.2019 til 01.09.2020 Lisbeth Johnsen frå 01.09.2019 til 31.08.2020	
Legevaktspiloten	Audun Nedrebø		
Leiarforum for brukarutval i Helse Vest	Audun Nedrebø Lisbeth Johnsen		
LMS – nye lokaler Prosjekt er på vent	Aud Karin Netland Åshild Helleset		
Matpanelet	Aud Karin Netland		
Møteplassen	Eldbjørg Lie Frida Galaasen		
Nordfjord Psykiatrisenter	<i>Eva Marie Pleym</i>		
Observatør til styret i Helse Førde – tale og forslagsrett	Audun Nedrebø	Lisbeth Johnsen	
Prehospital tenester	Audun Nedrebø		
Prehospital plan-fase 3 Mandatarb.gr.	Audun Nedrebø		
Prehospital plan-fase 3 Arb.gr. Lavik	Geir Ytredal		
Prehospital plan-fase 3 Arb.gr.Samhandling	Jan Tore Odd		
Prehospital plan-fase 3 Arb.gr. Ytre Bremanger	Frida Galaasen		
Prosjektgruppe Teneste-og org.utvikling Psyk.kl.	Gro Indrebø Liv S. Krognæs		25.06.2020
Ressurssjukepleiarnettverk lindrande behandling	Synnøve Solhaugen Engen		
ROS-analyse på risikofaktorar for heilskapen i Nye Førde Sjukehus	Eilif K. Berdal Magnus Strand	Audun Nedrebø	15.12.2020
Samarb.gr. NAV Vestland, NAV Hjelpemiddelsentral Vestland og Helse Førde HF	Eilif Berdal Torbjørge Aasen		
Samarb.møte Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter og Helse Førde	Torbjørge Aasen		
Samhandlingsforum for akutt med kjede	Anny Urtegård		
Samhandlingskonferansen	Synnøve S. Engen		

Styringsgruppe Fagnettverk eldremedisin/eldreomsorg	Anny Urtegård Synnøve S. Engen		
Styringsgruppe Pasientens helseteneste	Audun Nedrebø		
Styringsgruppe Nye Førde Sjukehus	Audun Nedrebø		
Styringsgruppe for tematisk forskingsatsingar i Helse Førde	Liv S. Krognest		
USHT (Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester i Sogn og Fj) sitt fag-og samarbeidsråd	Torbjörg Aasen Gro Indrebø		
VR-Virtuell realitet som fysioterapitiltak i rehabilitering av hjerneslagpasientar med motoriske funksjonsutfall	<i>Ann-Mari Søreide - LHL</i>		
Jury kvalitetspris i HF	Jan Tore Odd		

Førde 20.01.2021

Eiliv Berdal

-leiar-